

04.01.2010

Eit spikertelt til på Rabben

Atle Barane i Norheimsund har no sendt ny søknad til kommunen om byggjing av spikertelt på Rabben etterat den første søknaden hans kom bort i kommunen.

Spikerteltet blir på 5 X 3 meter - med andre ord 15 kvadratmeter.

Takutstikket blir like langt som campingvogna - det er likt det som Emil Vatna har bygt på Rabben og som er godkjend av kommunen i fjar.

Det vert også ein terrasse på 15 kvadratmeter foran og på eine enden mot eksisterande hytte på plassen.

På ein eldre reguleringsplan er det regulert ei hytte der.